

Årsmøte

i Nordmøre spelmannslag

12. mars 2017, kl. 1630, «Stornaustet», Halså.

13 medlemmar var til stades.

Sak 1 Opning og konstituering

Leiar Daniel Dyrnes opna møtet og ønskte alle vel møtt. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Daniel Dyrnes vart valt til møteleiar, og Arnstein Brevik vart referent. Jon Grimsmo og Magnar Almberg vart valt til å skrive under møteboka.

Sak 2 Årsmelding for 2016

Møteleiar gjekk gjennom framlegget til årsmelding. Årsmeldinga vart godkjent med følgjande tilføyning: *Slåttane som vart dømt på kappleiken var «Ane-reinlender» og «Polsdans frå Frei».*

Sak 3 Rekneskap for 2015

Kasserar Rolf Holte gjekk gjennom rekneskapen både for lagsdrifta og for Fylkeskappleiken. Kortversjonen av det heile er at året 2016 balanserer –«det går ut i null».

Rekneskapen er revidert og funne i orden, og revisorane tilrår at rekneskapen blir godkjent som framlagt.

Etter ein kort runde med spørsmål og svar, slutta årsmøtet seg til tilrådinga.

Sak 4 Innkome saker

Kolbjørn Halse lufta tanken om laget skulle ordne seg med ein digital «notebank»/database. Her kunne lagsmedlemmane hente ut notar, opplysningar om slåttar og ein kunne òg legge inn statistikk over når dei ymse slåttane var brukte på kappleikar og liknande. Tilgang til ein slik database måtte vera avgrensa til intern bruk.

Etter dette vart det ein fruktbar diskusjon om korleis laget skulle forvalte slåttetilfanget frå Nordmøre på best muleg måte. Fleire problemstillingar vart rørt ved, og ein kom fram til at styret skulle arbeide vidare med spørsmålet og legge fram saka for medlemmane på eit seinare tidspunkt.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2016

Det var ikkje utarbeidd forslag til arbeidsplan, men årsmøtet ser for seg følgjande:

- «Edøykonserten» blir gjenteke på Tingvoll/Gyl (-eller ein anna eigna plass på Tingvollhalvøya) i nært samarbeid med Folkescena. Konserten kan kombinerast med dans etterpå. Sist på april eller tidleg i mai er mest aktuelt.
- Styret undersøker aktuelle tema for eit nytt seminar.
- Dansespeling på Stornaustet i Halså.
- Det har tidlegare vore snakk om deltaking på Landsfestivalen på Oppdal. Dette ser vanskeleg ut.

Styret og musikalsk leiar arbeider vidare med desse punkta.

Det må utarbeidast ei revidert plan for øvingane fram til sommaren.

Sak 6 Kontingentsatsar

Satsane blir heldt uendra.

Sak 7 Budsjett for 2017

Kasseraren la fram eit forslag til budsjett for året 2017. Dette vart godkjent utan særleg diskusjon. Budsjettet er vedlagt protokollen.

Sak 8 Val

Magnar Almberg la fram valnemnda si innstilling. Resultatet av vala vart som følgjer:

Styre:

Leiar	Daniel Dyrnes	(1 år som leiar – 1 år att i styret)
Styremedlem	Kolbjørn Halse	(2 år)
Styremedlem	Rolf Holte	(Ikkje på val – 1 år att i styret)
Styremedlem	Arnstein Brevik	(2 år)
Styremedlem	Helga Eikrem	(Ikkje på val – 1 år att i styret)

Vara til styret:

1. Silje Osnes 2. Lars Brattset (Begge for 1 år)

Revisorar:

Hanne Kvitberg og Jon Grimsmo (1 år)

Valnemnd:

Jonny Reitan og Helge Husby (1 år)

I tillegg vart Daniel Dyrnes innstilt som kandidat til vervet som vararepresentant til styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag.

Møtet heva kl. 1830.

ref AB

Jon Grimsmo /s/

Magnar Almberg /s/